
Saksnr: 2020/58872-8
Saksbehandlar: Eva Katrine Ritland Taule
Dato: 02.08.2021

Til: Fylkesutvalet og Fylkestinget

Frå: Fylkeskommunedirektøren

Vedtatte statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen

Reviderte Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona vart vedtatt av Kongen i statsråd 28.mai 2021 og er trått i kraft. Dei erstattar de tidlegare retningslinjene frå 2011.

Formålet med retningslinjene er å tydeleggjere nasjonal arealpolitikk og sikre nasjonale og regionale interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. Strandsoneforvaltninga skal bidra til ei berekraftig utvikling i tråd med FNs berekraftsmål.

Retningslinjene skal bidra til at det vert tatt særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i strandsona og at unødvendig bygging langs sjøen vert unngått, jf. plan- og bygningsloven (pbl.) § 1-8.

Retningslinjene utdjuvar plan- og bygningslova og gir statlege føringar for kommunane og fylkeskommunane si planlegging og saksbehandling. Retningslinjene skal bidra til ei geografisk differensiering gjennom planlegging.

Planretningslinjene var på høyring i 2020 og Fylkesutvalet vedtok høyringsfråsegn i møte 29.09.2020 (PS 195/2020).

Det er ikkje gjort endringar i inndelinga av kommunar i Vestland i høve dei retningslinjene som vart vedtatt i 2011. I Vestland er dei fleste kommunane plassert i sone 3 - *Område med mindre press på areala*, mens Bergen, Askøy, Øygarden, del av Bjørnafjorden (Os) og del av Alver (Meland og Lindås) ligg i sone 2 - *Andre område der presset på areala er stort*.

Sunnhordlandskommunane som mellombels var plassert i sone 3, er no endeleg plassert i sone 2. Desse kommunane er omfatta av Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. I vedtatt handlingsprogram for planen går det fram at det skal utarbeidast rettleiar for planlegging i strandsona, inkludert metodeutvikling for funksjonell strandsona. Det vert lagt opp til at rettleiaren vil ta for seg planlegging i strandsona for heile Vestland til nytte og hjelp for kommunane. Rettleiaren skal utarbeidast i samarbeid med Statsforvaltaren.

Dei vedtatte planretningslinjene er vedlagt.